

Emnenr. 39

Fylke: Sogn og Fjordane

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Leikanger

Emne: Høglidsmat ved familjefesta

Bygdelag: Fresvik

Oppskr. av: Hans O. Hov

Gard: Hov

(adresse): Fresvik, Sogn

G.nr. 49 Br.nr. 11

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

A. Fødselen

- 1 Det har alltid vore slik, at gramma-  
koner og slektninger og veninner  
kom med mat til "sengjeterne".
- 2 Summe kom enkeltvis, men jammast  
kom dei tvo i lag.
- 3 og dei kunne avfala seg i mellom  
kva dei skulle ha med seg.
- 4 Dei som stod aller vderast kunne  
møta opp andre dagen, elles drygde  
sin vorte dagar og ein kunne halda  
det gåande både ei vika og tvo.
- 5 men det var ingen som møtte opp  
med sending meir enn ein gong.
- 6 Den mest vanlege svingjamat var  
rjomegraut, stundom mjølsse, elles  
kurre det var grynagraut kokt av  
søt mjølk eller mj. Kaker av alle slag  
enten kjøpt eller heimsteikt.
- 7 Sjå punkt 5.



8 Grauten hadde ein alltid i stein-  
føy skåler,

9 og all mat vart kalla „sengjemat“

10-11 Det var kona sjøl som gjekk med  
sandinga, mannen var aldri med.

12 Søndingsfolke fekk alltid braktering,  
det var kaffi og so vart det dekket  
opp av den maten som kanstje an-  
dre var komme med. Det var ingen  
skilna om den vufødde var gut  
eller jente. Det kunne ofte vera  
stride dagar for den som skulle  
„varta opp“ for det kunne kona sin-  
dekomu dagen tilendes, og ingen  
matti gå alt for dei hadde vore  
til bords.

13 Slike gjestebod kalla ein „sengja-  
veilla“

14 Tja punkt 12

15 Det var berre gifte mødre ein bar  
sengjemat til

16-17] dei siste 25-30 åra har denne stikken  
med sengjemat endra seg ein del,  
særlis at ein ikkje brung kona med  
graub eller annan mat, ein sender  
eit stykke føy eller eit kloplegg  
som kann nøttast til småen, sume  
kann senda blomster.

18 Ja vore er det slik, at sume kjem

med rjomegraut andre med blautkaka  
 some med kringla, andre med egg  
 og stimo med klode av omse slag  
 alt efftersom det høvar for vedkomande  
 gjevar, ja det kan vera blintog i  
 sendingane og.

19 Når barnet var til døpen vart  
 det halde gjestebod og dei som var  
 med var fyrst og fremst fadrane,  
 dei var fem i taleb hi karar på  
 guteborna og hi kvinner på gjente-  
 borna. I den seinare tid har ein  
 også bode inn noraste skyldfolka.

20 Dette gjestebodet vart kalla barsøl.

21 Ein brukte ikkje å ha med sending-  
 ar i slike høve og heller ikkje var  
 det ein særskild matsetel, men man-  
 ge matte ha stull dykk. For ca 60  
 år sidan var det eit ektepar som  
 mole utøfja barnedøpen, for dei  
 hadde tji fått tak i kummevin, men  
 no vart borna døypte utan at det  
 vart tale om stull dykk.

22 Som nemnt hadde gjestene ikkje  
 sending eller føring med seg i slike

23 høve, men no er det vorte slik, at

4.  
fatsane gjev ei pengegäva, som skal  
vera til smäen.

### B. Födseldag.

- 24 I eldre tid var det ikkje tale om ä  
ä feire födseldagen kortje for barn  
eller voksne.
- 25 No derimot er det stor stas ved dei  
runde tal frå 50 og oppover, elles  
er det jammest leire husens folk  
som minnst dagen i ei kosetund  
ved kaffiborde.
- 26 Det er helst ubudne gjesta som möt  
er opp for ä önskje vedkomande  
til lukka med dagen ved jubilo-  
um, og det kan ofte vera stor imrök-  
ning.
- 27 Til vanleg brukar ein ikkje ä gje  
gäver anna enn til borna og  
ved ömse jubileum leire imman  
hustuden.
- 28 Ein kjenner ikkje til at det emellom  
det vanlege folk vart halde festleg  
samkoma på arsdagen i eldre tid  
og solis kjenner ein ikkje til nokon  
sörskild rett heller.
- 29 No er det sjokolade eller kaffi med  
kvingla og söltisöy attät og blåb-  
kaka med imskrift: "Grattulera"

### G. Konfirmasjon.

30 Ein kjemmer ikkje til, at det i eldre tider vart halde noko gjestebod med innbedne gjester på konfirmasjonsdagen, det einaste kunne vera eit høgtidsmåltid innan huslyden.

31 Det er fyrst i den seinare tid ein har teke til å halda konfirmasjonsgjestebod, særleg etter den fyrste verdenskriegen.

32 Dei ein til vanleg held i slike høve er aller verdaste slikt, koram prest og farane

33 Fongen av gjestene sende sendingar

ar konge for eller no.

34 men det er skikk å gjeva gaver til konfirmannten, særleg har farane plikt på seg.

35 Det er ikkje visse matretter ein har i slike høve, det vert slikt som det høver for kvar einstild huslyd.

### F. Brudlaup.

36 Ein hugsar omme, at det vart halde "belevittla", når framen gjorde det visst med den som kona skulle verta.

37 I eldre tider var det slikt, at framen møtte ha ein "belevittla" eller bontalsmann i slike høve og dei kona sjøl-



sagt ikkje uventa til gards, og når  
 du hadde fått gjenta sitt ja og for-  
 eldra sitt samtykke, kunne det  
 verta gjestebod og. Tuve dagar er  
 du unge onir sjølstandige, du av-  
 gjev deg i mellom kvem du vil  
 ha til ekte make utan å spørje  
 foreldra.

38 a) I brudlaupsgarden var det 4 mål  
 for dagen. Når gjestene samlast ved  
 11-tida var ein til bords og fekk kaffi  
 med smør og brød med berimast og ga-  
 onalost som pålegg, ein motte smørja

på sjøl. Når ein kom att frå kyrkja var  
 det middag med kjøt i sodd, seinare  
 i tida var det kjøt i saus av kv, kato  
 eller sau alt etter som årstida var,  
 seinare på kvelden var det kaffi med  
 småkaker og når det leid til midnatt  
 var det kveldsmat med rømegraut  
 og oppkokt søt mjølk i store skiv-  
 fag skåler med brotne vasskingler  
 i. Ein åt frå same skål og fat.

c. Ved kvart brudlaup motte ein  
 ha rømegraut alt om ein kunne  
 skaffa røme då.

d. Andre dagen kunne det vera samelis

som den fyrste, men til kvelds kunne det vera "fiskalling", d. v. s. flatbrød med smør og fisk (fisk fisk eller lutafisk) og mjøkkesuppe eller smølsa attåt.

39 "I eldre tider hadde ein sending med, når ein skulle til brudlaup, det kunne vera både smør og ost, kjøt og brød og mjøkk, men går ein lere ein 50-60 år attende var stumpbrød korne i staden for flatbrød, sendingane var enklare og det var ikkje nokon viss masse ein skulle ha med, ein gav etta, ras og hjartelag. Gudomane var fritenne for å ha med sending.

40 Det var ikkje skikk her, at smøret skulle vera pønte på ein viss måte,

41 og det hadde ikkje her, at brudlaupsbearen

samla inn kjøt, når dei laut til brudlaup.

42 Sendinga kalla ein her "fjøring"

43 og den tok ein jammest med seg når ein reiste åt brudlaups garden.

44 Det kunne polis ikkje haldest nokon fest for dei som kom med sendinga

45 og heller ikkje var det høve til å senda vaka med heimatt for etta at laget var slutt.

46 Det var eit par koner som stod for smatten, tok i mot "fjøringa" når dei kom og "la i korgi" ved heimatt sendinga og desse kalla ein "stabburskone"

47 Eit brudlaup no varer som regel ein dag, men i somme høve kan dei



8.

nraste av slekti og dei framande sam-  
last att til middag og kaffi andre  
dagen.

48-49. Ei tid var slik, at ein skulle til  
kyrken og "gifte seg", hadde med seg ein  
kva-ke av nraste slekt, tok inn på eit  
hotel og heldt eit festmåltid der. Dei  
kumme og halda ein festmidd heime med  
nraste slekt, når dei kom heim att.

50 Det er berre dei innbudne som gjev  
brudlaupsgaver

51 Det er ikkje vanleg å halda fest på brude-  
laupsdagen kvart år, men det hender ein  
annest dagen ved runde tal innan  
huslyden, men ved dei pinse jubileum  
frå sølvbrudlaup til stinbrudlaup,  
då er det fest.

### Gravøl

52. Bygda var inndelt i grender, og når det  
var gravøl var det fyrst og fremst dei  
som høyrde grenda til som vart bedne  
og sjølsakt dei som høyrde til i slekta.

Ein mann gjekk omkring og bad dei  
som skulle koma

53 Gravølet varte ein dag og ein hadde  
to matmål, eit før ein drog til kyrkje  
og eit når ein kom attende.

54 Før ein fór til kyrkje var ein sessa ved  
langbord og fekk flatbrød med smør  
og ost med mjølsa eller oppkokt mjølk  
attåt, og når ein kom frå kyrkje var det  
middag med kjøt-i-sadd. Seinare når  
kaffien og bakkbrød kom i bruk var det  
kaffi og smør og brød med berimost og



- gamlast som pålegg for ein for til kyrkje  
og og sauskjøt med poteta til middag.
- 55 Det var ikkje noko slags mat som ikkje  
kunde nyttast ved middagsbordet i  
gravølet.
- 56 Hovemålet hadde kj noko særskild namn.
- 57 Gravølet heldt alltid til i heimen at  
den avlidne. Var det langt om husrom  
fekk ein gå inn til graven og sitja  
der med andre var til bords.
- 58 Som vanleg hadde gjestene føring med  
seg, men i omse høve - som var ein luddu  
i same tunet - kunne ein levera sendinga  
kveelden forvit.
- 59 Ein kjemner ikkje til, at ein panta og  
pakka varene på ein særskild måte  
60 og heller ikkje kjemner ein til at det var  
halde noko "kalas" om føringa vort send  
dagen for.
- 61 Om det var nokon skilna på enaten  
etter som den avlidne var gift eller  
ugift, solis at det skulle stast graut  
- ein slags bura graut om den avlidne  
var ugift - er ukjent.
- 62 Giv ein 100 år attende i tida var det  
nok vanleg at ein bryggja til graut,  
og då kunne nok gjestebudet vara både  
svo og hi dagar og det kunde at du tok  
seg ein sveingom når ølet tok til å  
verka.
- 63 Etter at ein slutta med heimebrygg kom  
lunken av alkohol hurt frå likferdene,  
folk fann det lite sømleg å stiv seg  
opp med alkohol midt i sorga.

64 Ein har lagt merke til at gameldags sending helst seg lengre i likfurdene enn i brudlaup, men heimelbygg som for langje sidan er slutta med i likfurdene har nok delvis haldt seg oppe i brudlaup-desverre, men det vert ikkje "braktut" i brudlaups-sal-  
en.

65 Sjar det er gravferd no møtest ein i kyrkja og etter jordfestinga vert ein med til ungdomshuset til middag - kjøt med bris og grønnsaker - og poteter sjølsagt, og desse - jammast av frukt. Etter ein pause får ein kaffi og smakkaker. Men alle har kjøt rød i "spanderen" mid-  
dag, då får ein kaffi og smølerød - eit mål.

66 Som før orent er det langje sidan slutta med å skjenke alkohol i gravferdene.

67

Gravferd midt dagen vert ikkje halden på hotel, men i ungdomshuset som ligg lagleg til.

68 Det var vanleg at ein snorm gjekk om-  
kring og bade til likferd, og det hende av og til enno, men det vanlege er no at ein held ved oppslag (plakat) eller ved lysing gjennom blada, når ein melder dødsfallet.

69 Det å melde dødsfallet gjennom blada tok ein til med for ein 15-20 år sidan  
F. Nye festar.

70 17. mai. Ein kan ikkje seia at det er vorte tradisjon å ha rjomgraut på 17. maifesten, men det har då av og til vore brukt.

71 Når det gjeld mors dagen har ungdoms-  
laget synt eit godt foudome. Annakvart  
år bed dei inn alle snödre i lögda til  
fri fest med god mat og godt program  
elles, dette tok sin til med for om lag  
20 år sia. Tellis var dagen "feira" rundt  
om i heimane

72 Farsdagen har ikkje gjort sitt, inn-  
tog "her sanna.

73-74. Til morsdagen får bakaren på stad-  
en levere mange kringler, elles er det  
blautkaker med innskript og andre  
himmesteikke kaker med syltetøy og kaffi  
eller "sükkreløst" til.

75 Det var serleg gjennom avisene desse  
festdagane er vorte kjende.

Fresvik i Logn i desember 1954.

Hans B. Hov

